

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 70	Utkommer hver måned	Juli 1936	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	7. årg.
--------	---------------------	-----------	--	---------

### I trygge hender.

Han som har hjulpet hitinntil,  
han hjelper nok heretter,  
han alltid kun det beste vil,  
og han har allmaktskrefter.  
Og han så grundig all ting vet,  
at selv til bunn i kjærlighet  
ser klart hans forsyns øie.

Den øde vik, det ville hav,  
den hårde vinterkulde,  
den tunge sorg, den mørke grav,  
de kjære under mulde, —  
for alt hos Gud er gode råd,  
til frydesang han vender gråt  
så lett som vind og vove.

Ti når vår sjel er i Guds hånd,  
Guds ord i munn og hjerte,  
og brister for oss alle bånd  
som pine kan og smerte,  
da åpner sig som aldri før  
gudsrikets port, gudsrikets dør,  
og livets kilder alle.

Grundtvig.

### Ei lykt for vår fot.

Ditt ord er ei lykt for min fot  
og eit ljøs på min stig.

Salme 119, 105.

Vi er alle på veg mot æva. Men det går  
to vegar dit. Og korleis skulde vi i denne  
myrke verda finna den rette vegen, den som  
fører til himmelen, dersom vi ikkje hadde  
eit ljøs som kunde lysa for oss gjennom  
myrkret? Og det ljøs som vi mest treng når  
vi i myrker går på ein ukjend veg, det er ei  
lykt. Den ser ikkje so storarta ut som eit  
høgt, kraftig lysande fyrtårn. Men den pas-  
sar nettupp for ein vandringsmann, til å lysa  
for foten hans, syna kvar han skal ta det  
næste steget, og so vidare, steg for steg, til  
han er framkomen. Ei slik lykt er Guds ord.

Himmelen er vårt mål. Det er vel og ditt  
mål? Men ingen kan koma dit i eitt sprang.

Vi er ikkje framme med det same vi byrjar.  
Det går steg for steg. Og kva som skal  
møta oss framover i tida, det veit ingen av  
oss. Aldri ligg heile vegen klart opplyst for  
oss på ein gong. Men let vi Guds ord lysa  
som ei lykt på det stykket av vegen der vi  
nett er, so skal vi sikkert nå fram. Mange  
menneskje har gått under på livsvegen og  
nådde ikkje himmelen fordi dei vanvyrde  
denne enkle og greie lykta, Guds ord.

Du har vel og denne lykta? Du har nok  
ein bibel eller eit testamente? Men lykta må  
vera tend, elles er det ikkje hjelp i. Bibelen  
din må ikkje berre stå i hylla eller liggja på  
bordet, men du må bruka han med bøn um  
opplysning frå Guds ånd. For ei lukka den  
skal gjeva deg og for ei hjelp du skal få på  
vegen, um du bruker den rett! »Då vart din  
fred som elva og di rettfærd som havsens  
bylgjer.«

Herre, lat meg gøyma ordet ditt i mitt  
hjarta, so eg ikkje skal synda mot deg!

Etter sokneprest Søren Dahl.

### Franz av Assisi's bønn.

Herre, gjør mig til et redskap for din fred. La  
mig så kjærlighet hvor der er hat, tilgivelse hvor  
der er urett, enighet hvor der er strid, tro hvor der  
er tvil, håp hvor der er fortvilelse, lys hvor der er  
mørke, glede hvor der er sorg. O guddommelige  
mester, la mig ikke så meget strebe efter å være  
frimodig som å trøste andre, ikke så meget efter å  
bli forstått som å forstå, ikke så meget efter å bli  
elsket som å elske. For vi mottar når vi gir, vi får  
tilgivelse når vi tilgir, vi fødes til evigt liv når  
vi dør. Amen.

### Den kristne tro.

#### 8. Den synlige verden.

Foruten den usynlige verden som vi sist  
talte om, har Gud også skapt den synlige,  
hele universet. Han har skapt sol og måne  
og alle stjerner, hele dette endeløse verdens-

rum med sine tusener og millioner himmellegemer som går sine bestemte baner efter de lover som han har fastsatt. Og han har skapt vår jord med alt som lever på den, planter, dyr og mennesker. Han alene er ophavet til det alt sammen; det blev til fordi han, den allmechtige Herre, vilde det. Om dette handler det første kapitel i Bibelen. Fortellingen om skapelsen er en liknelse som lærer oss at Gud har skapt alt. Den er ikke en videnskabelig beskrivelse av *hvorledes* det gikk til. Det har Gud overlatt til menneskene selv å finne ut, så langt de formår det. Der er ingen motstrid mellom vår kristne tro, — at Gud er skaperen, — og så de gjetninger, hypoteser og forklaringer som naturvidenskapen fremsetter, når den prøver å greie ut, *hvorledes* universet blev til, eller *hvorledes* livet på jorden har utviklet sig. I ethvert tilfelle så var det Gud som satte det hele i gang, og som har ledet alt efter sin vilje, og som har grepet inn på en særlig måte ved de avgjørende vendepunkter. »Naturlover« er de regler som Gud i almindelighet arbeider efter. Men alltid er han den suveræne, den allveldige, som kan gripe inn på overnaturlig, underfull måte, når han vil. Der er ingen motsetning mellom tro og videnskap, når begge holder sig innenfor sine rette grenser.

De 6 skapelsedager oppfatter man nu gjerne som lange tidsrum på tusener og millioner av år, da Gud lot alt bli til efter sin vilje. For Herren er tusen år som én dag og én dag som tusen år. 2. Pet. 2, 4.



#### Våre døde.

24. mai: Sakarias Enoksson Hestevik; g. karmann; f. 1862; brystkrampe.  
5. juni: Borger Matiasson Bjørnøy; g. gbr.; f. 1847 i Bremanger; alderdom.

Herren gjeve deg fred. 4. Mos. 6, 26.

#### Notisar.

**Døpte:** 24. mai Erlend Anders, f. 19. febr. av J. Arnfinn Jetmundsson Myklebust og k. Marta Hansdtr. (f. Roti). — S. d. Oddlaug Magna, f. 8. mars av f. Karl Rasmusson Odegård og k. Jenny Klausdtr. (f. Havik). — 31. mai: Hans, f. 8. febr. av f. Nils Simonsson Bakke og k. Simonna Hansdtr. (f. Hauvre). — S. d. Nils Ragnar, f. 18. april av f. Per Nilsson Leidalshjelle og

k. Anna Ivarsdtr. (f. Dombestein). — S. d. Kjetlaug Maria, f. 29. april av f. Ole Andersson Nybø og k. Ingeborg Matiasdtr. (f. Haukedal).

**Ektevigde:** 9. juni i Rugsund Jakob Danielsson Vemmelsvik og Ida Isaksdtr. Gangsøy. — 12. juni i Davik Peder Pedersson Bøen og Inga Ludvigsdtr. Slåtten, Jølster. — 13. juni i Rugsund Ragnvald Vilhelmsson Gangsøy og Frida Oldeide. — 23. juni i Rugsund Hans Karolusson Kolset og Rasmine Rasmusdtr. Olsbø.

**Basar:** Davik 2. juni til heidningmisjonen kr. 143.95. — Aalfot 7. juni til gamleheimen 115 kr.

**Bautasteinen over Claus Frimann** vart teken på Lund; uppsittjarane der let oss få han gratis. Folk frå krinsane på nordsida køyrde han ut til bryggja i Kjølssdal; Berge Humborstad stod i brodden for dette arbeidet. So vart han førd over fjorden på steimpram av Nikolai Steindal frå Måløy, og folk frå Davik fekk han upp frå fjøra på Frimannslund til lurelunden, der han skal stå. Steinen er utteken, hoggen og reist av Johan Bortne frå Selje. Steinen er 6,30 m. lang, men ikr. 80 cm. kjem ned i jorda. Innskrifta er: **Claus Frimann. 1746—1829.** Uppover namnet er innhogge ei lyre (musikkinstrument) med olivengrein; det er det same som står på gravsteinen åt Frimann.

#### Gudstenester.

- |                          |           |                    |
|--------------------------|-----------|--------------------|
| 6. sund. etter treening. | 19. juli: | Aalfot.            |
| 7.                       | —>—       | 26. juli: Totland. |
| 8.                       | —>—       | 2. aug.: Davik.    |
| 9.                       | —>—       | 9. aug.: Rugsund.  |
| 10.                      | —>—       | 16. aug.: Aalfot.  |

**For 100 år sidan:** Døde: 27. juli 1836 Ingeborg Ellingsdtr. Endal, kårkone, 56 år. — 25. juli Ole Marthinsen Thorem, kårmann, 62 år. — 23. juli Jacob Jensen Gleføg, gårdmann, 49 år. — 28. juli Ole Jacobsen Havnen, gårdmann, 37 år. — 28. juli Hans Olsen Oldeide, husmann, 39 år. — **Vigde:** 3. juli Ole Davignæs, husmann, son til Peder Ellingsen, 29 år, og Cathrine Olesdtr. Gløppestad, 28 år. — 3. juli Knud Lille-Honge, gårdm., son til Peder Knudsen, 27 år, og Marthe Eldevig, dotter til Reiel Josephsen, 24 år. — 8. juli Zacharias Berle, husmann, son til Absalon Zachariassen, 23 år, og Lisbeth Hestevig, dtr. til Anders Olsen, 26 år. — 11. juli Rasmus Ervig, husmann, son til Rasmus Jørgensen, fødd på Høines, 35 år, og Magdali Rexnæs, dtr. til Noe Rasmussen Høines, 34 år. — 17. juli Elling Sørhelleren, tjenestekarl, son til Ellef Absalonsen, 28 år, og Synneve Klubben, dtr. til Lars Gjertsen, 24 år.

**Kvittering for kontingent.** Lars Runshaug, Peder Nes, Elisabet M. Dombestein, Matias Haukedal, Peder Ø. Nygård, Anders Bortneskår, K. Smelvær, 2 kr. — Kristofer Elvebakke, Kristianne Blomvoll, Margrete Krabbestig (Alesund) 2.50. — Mrs. Swanson (Canada), Ivar Bøen 3. — Matias Bruvoll 4. Mons J. Myklebust, K. Myklebust (Smedstua pr. Gjøvik), lærar Husevåg 5. — Tils. 46.50.

Hjarteleg takk til alle.

**Dikte av Claus Frimann.****8. Sang paa Ageren.**

Når jeg kaster Øiet om  
Og seer paa dig min Helligdom,  
Paa dig min gyldne Ager,  
Og seer hvor vel du lønner Flid,  
Og seer hvor sielden nogen Tid  
Dit Løfte mig bedrager. —

Hvad Under da jeg bryder ud  
I Takkesang til Høstens Gud,  
Til Ham som kroner Aaret.  
Var ikke hans den Forsyns-Haand,  
Ei kunde du betalt dit Laan,  
Ei Straa du havde baaret.

Ræk takkende mod Himlen op,  
Du Havrestraa, din greened' Top,  
Du Byg, din høie Krone.  
Ei brække dig den haarde Storm!  
Ei tære dig den sorte Orm!  
Og Nattefrost dig skaane!

**Den skotske soldat.**

På et sykehus i det nordlige Frankrike lå en ung skotsk høilender som dødelig såret var båret derinn fra slagmarken. Der lå den vakre lyshårede unge mann og skulde dø, bare 21 år gammel. Han hadde vært med i mange av de fryktelige kampe ved Yser og var sluppet uskad derifra; men en kold morgen i mars hadde et stykke av en tysk granat rammet hans hode og tilføiet ham et dødelig sår.

Den utrettelige sykepleierske gjorde alt hun kunde for å gjøre hans siste timer så gode som mulig, og til henne henvendte han også sine siste ord til menneskene. Når hun høiet sig over hans seng, hørte hun hvorledes hans tanker stedse kretset om hans barndomsegn og om de mennesker han hadde kjent og elsket. Den siste dag han levde, sa han til henne: »Jeg skal aldri mere se Katrinesjøens bredder derhjemme i det skotske høiland, aldri mere. Men, søster, vil De ikke skrive til min mor når jeg er død og si til henne at jeg gikk bort i troen på det evangelium som jeg lærte på hennes fang i det gamle hjem. Si henne at jeg vil møtes med henne på den kyst der er enda skjønnere enn Katrinesjøens grønne bredder.»

Samme aften blev den unge soldats legeme lagt til hvile derute på høien sammen med mangan ung kamerat; men hans ånd gikk til Gud, som han trodde på. Kjærlige

vennehender plantet et lite kors på hans grav i det fremmede land.

Du mor eller far som leser dette, hvad har ditt barn lært av dig? Kjenner ditt barn fra deres barndomshjem Guds ord? Kan de sovne inn i Jesu navn i døden, og kan de gi det samme vidnesbyrd som denne unge soldat gav sin mor? Har du selv erfaret evangeliets frelsende makt, o, la det da gå videre til dine små! Og har du ikke, da bøi ditt hjerte for Gud, for at du og ditt hus kan bli frelst. For det kan du være viss på: der er intet du vil fryde dig mere over enn at ditt barn kan motta dig med takk i de evige boliger, fordi du lærte det frelsens vei om Jesu Kristi kors på Golgata. Men intet vil heller være så forferdelig som hvis ditt barn engang vil anklage dig for Guds trone, fordi du måskje pleiet og næret dets legeme, men forsømte dets sjel og ikke lærte det å elske Guds ord og å be.

Fra »For f. og r.«

**Kyrkjebyggjinga i Davik. III.**

Alle disse fårlege innlegg låg fyre på møte i soknestyret 30. mai 1877, men det let seg ikkje skræma. Det vart vedteke å få fråsegn frå lokalkjende menn um det verkeleg var so, at det ikkje var landingsplass for båtar på Haus. Ein fekk og tak i eit kart over prestegjeldet. Dette fann soknestyret »særdeles nyttig og opklarende av det sanne forhold,« medan soknepresten meinte, at det av kartet tydeligst vilde sees at en kirkes opførelse på Haus vilde være uheldig.

I neste møte, 28. juni, vedtok soknestyret at iensmannen sammen med 2 menn frå Eid skulde »foreta en besiktigelse over veisomheten« på heile stranda frå Reksnes til Maurstad. Stiftsdireksjonen hadde kravt å få saka attende til midten av juli. Soknestyret bad um utsetjing »da den er av overveiende stor betydning og er et fremtidsgode som er stort å velge det rette sted for kirken, og dernæst må vi erkjenne oss som lavtstående på opplysningens felt til å fremholde denne sak i sin rette skikkelse«. Prosten kravde no å få saka attende »uopholdelig«, og 4. august sende so soknestyret sitt endelege vedtak. Dei held fram kor fårleg det vilde

vera å byggja kyrkja på ein so stormhard plass som Davik, og polemiserar kraftig mot dei som talde frå flytjinga. Det skulde averterast etter kyrkjematerial i »Fjordenes Blad« og »Aalesunds Tidendek«.

Sokneprest Lassen arbeidde iherdig, men i det stille, mot flytjinga. I brev til prosten heldt han fram, at ein måtte få folk frå andre bygder til å uttala seg um tilhøva på Haus, for det kan vera »tvilsomt om ordføreren (O. Haus) nettop henvender sig til upar-tiske, lokalkjente, pålitelige menn. — — — Mine bemerkninger her skal ikke ansees for officielle, men vel for konfidentielle. — — — En fortsatt protesterung kan lett innvikle mig i ubehageligheter som jeg ikke ønsker, og som jeg til dato merkelig nok er gått fri for«. Og då det endelege soknestyrevedta- ket låg fyre gav han den fråsegn at han endå meir enn tidlegare var overtyda um »et sådant foretagendes uhensiktsmessighet for ei å bruke et sterkere uttrykk«. Likeeins bad han stiftsdireksjonen ikkje å handsame saka, fyrr ein påliteleg mann frå sudsida kom til Bergen, som munnleg kunde gjeva opplysningar. Det var nok M. Frimannslund som atter var sendemann.

So gjekk då søknaden um å flytja kyrkja til Haus fyrst til prosten som naturlegvis var samd med prestane Koren, Meyer og Lassen, so til stiftsdireksjonen som sjølvsagt tok same stoda, og endeleg til kyrkjedepartementet og riksstyret. Utfallet var gjeve. — Ved kongeleg resolusjon av 7. mars 1878 vart det gjeve løyve til å oppføra den nye kyrkja etter teikninga til Vanylven kyrkje. Søknaden um å få byggja henne på Haus vart »ikke nådigst innvilget«. Søknaden um lån av Oplysningsvesenets fond vart av- slege.

Dermed enda kampen for denne gongen, men dermed hadde og soknestyret misst all interesse for byggjinga. Ingenting meir vart gjort. No skulde dei få venta! På visitasen i 1878 spurde prosten kvifor ein ikkje hadde gått i gang med byggjearbeidet. Svaret frå ordføreren var, at ein hadde for lite pengar, berre ikr. 10 000 kr. Stiftsdireksjonen tykte at dette var nok til å byrja med og kravde å få veta straks, kva soknestyret tenkte seg til å gjera. M. Frimannslund hadde sendt klage fordi ingenting vart gjort. Soknestyret

heldt møte 29. april 1879. Det opplyser at det ikkje var 10 000, men berre 7 000 kr. som var uppsamla. På visitasmøtet rekna ordføreren gale i farten »da man ved løs oversikt først tenkte sig det i spesier og ved reduksjon har taget feil«. Det vart vedteke på nytt lag å avertera etter maerial, men elles å søkja um utsetjing med arbeidet på grunn av »det økonomiske trykk der hviler over sognet og gjør sig i den grad betenkelig, at kommunebestyrelsen på ingen måte ser sig i stand til å frembringe de fornødne kapitaler. Vi synes å ha gjort hvad kreftene formår, for ei å si mere«. Men so vart det og på same møtet gjort vedtak um å senda ein ny søknad um å få flytja kyrkja til Haus! O. Haus og H. Lefdal skulde skriva søknaden.

No vart stiftsdireksjonen arg. Han skreiv attende at han ikkje vilde gå med på utsetjing lenger. Både materialprisar og arbeidslønner var no låge. Arbeidet måtte setjast i gang snarast mogeleg, seinast til våren 1880. Til dette strenge påbodet svara soknestyret berre, at ein hadde so lite pengar at ein ikkje kunde byggja i nærmaste framtid, men ein vilde ta og søkja departementet um lån(!) No vilde stiftsdireksjonen bruka makt. Han søkte i juli kyrkjedepartementet um fullmakt til å stemna soknestyret inn for for- liskommisjonen for å tvinga det til å byggja. Departementet var varsamare. Det laut få opplyst um kyrkja verkeleg var for lita. Her- til meinte soknestyret no, at ho endå kunde brukast nokre år og til vanleg var stor nok, medan soknepresten Lassen hevda at ho var for lita, og at byggjing var »påtrengende nødvendig«. (Framhald).

Spurgeon sier: «Den beste religion er den som smiler ved bordet, som arbeider flittig ved symaskinen, som er vennlig i ovnskroken og elskverdig i dagligstuen. Jeg liker en religion som pusser støvlene og får dem riktig blanke; som tilbereder et riktig sundt og vel-smakende måltid, som måler ut en meter tøy og ikke gir en centimeter for lite. Det er sann kristendom som gjennemtrenger alt vårt livs arbeide».